



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 20.09.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam, permisjon frå kl. 16.10.	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Erlend Krumsvik, permisjon frå kl. 16:35	Anders Egil Straume	KRF
Arild Iversen	Erlend Krumsvik	KRF
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar OS 126/16
Berit Sandvik Skeide	Planleggar PS 155/15 og 156/16
Henrik Skovly	Økonomisjef OS 125/16
Asbjørn Moltudal	Rådgevar PS 158/16, 165/16 og 166/16
Pål Are Vadstein	Sakshandsamar PS 161/16



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 153/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 154/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 125/16	Orientering tertialrapport
OS 126/16	Diskusjonsnotat om planprogrammet - Planid 2016005 – Arealdelen
PS 155/16	PlanID 2016006 - detaljreguleringsplan for Sevringhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. Utlegging til offentlig ettersyn
PS 156/16	Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Uttale til høyringsutkast
PS 157/16	Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Forslag til høyringsuttale.
PS 158/16	Organisering av prosessar for frigjering av ressursar- Budsjett og økonomiplanprosess.
PS 160/16	Voldahallen - Ny Voldahall
PS 159/16	Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om kino/kultursal i nytt Mediehus
PS 161/16	Tillegssløyving, utbetring av Botnavegen
PS 162/16	Avtale om anleggsbidrag og finansiering av utbygging av sambindingsveg over Håmyra
PS 163/16	Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid
PS 164/16	Rutinar for eigarskapsstyring
PS 165/16	Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.
PS 166/16	Ruteendringsprosessen 2017 - rute 08 Volda -Lauvstad.
PS 167/16	Orienteringssaker
OS 127/16	Langtidsplan for forsvarssektoren – høyring



VOLDA KOMMUNE

- OS 128/16 **Opprop - HV 11 frå Møre og Romsdal**
- OS 129/16 **Invitasjon til seminarrekke for kommunar som har gjort gjensidig vedtak om sammenslåing**
- OS 130/16 **Ta initiativ: still krav til TISA-avtalen i din kommune!**

PS 153/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Innkallinga vart sendt til formannskapet per epost den 15. september.

Gunnar Strøm hadde permisjon til kl. 12.15

Dokument delt ut i møtet:

- Vedlegg til sak PS 163/16. Arbeidsmiljøutvalet. *Melding om politisk vedtak - Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid.*
- Vedlegg til sak PS 160/16. Høgskulen i Volda, *Idrettshall i Volda*, 20.09.16.

Sakliste:

- Erlend Krumsvik kom med framlegg om å trekke sak PS 159/16 frå saklista. Han reiste spørsmål om arbeidsgruppa har fått mandat frå kommunestyret til å forhandle med Høgskulen om intensjonsavtalen.

Røysting (8 røysteføre):

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk fire røyster (Dan Bjørneset, Roald Espeset, Erlend Krumsvik og Margrete Bjerkvik) og fall, fire røysta imot (ordførar si dobbelstemme).

- Sølvi Dimmen ynskte ei orientering om trafikktrygging av Vikebygdvegen.
- Dan Bjørneset refererte til ein innbyggjar som hadde teke opp ei sak med han vedk. dialog med administrasjonen om tiltak knytt til ei bru i Elvadalen. Rådmannen vil ta opp saka med utviklingssektoren.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Sølvi Dimmen og Dan Bjørneset, vart samrøystes godkjent.



PS 154/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte, 06.09.2016, vart samrøystes godkjent.

OS 125/16 Orientering tertialrapport

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte. Gunnar Strøm møtte under orienteringa kl. 12.15.

OS 126/16 Diskusjonsnotat om planprogrammet - Planid 2016005 - Arealdelen

Planleggar Heidi Istad orienterte om planprogrammet i kommuneplanens arealdel. Formannskapet kom med innspel til planarbeidet.

PS 155/16 PlanID 2016006 - detaljreguleringsplan for Sevringhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. Utlegging til offentleg ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til reguleringsplan for Sevrinhaugen-Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Handsaming:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om gildskap, ho er mor til ein mulig framtidig brukar, jf fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting gildskap:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent gild og ho tok sete.

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren reiste spørsmål om Sølvi Dimmen var ugild, jf. grunngevinga ovanfor. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting gildskap:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent ugild.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 20.09.2016

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til reguleringsplan for Sevrinhaugen-Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Sølvi Dimmen tok sete.

PS 156/16 Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Uttale til høyringsutkast

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap ber om at Ørsta/Volda si sentrale rolle på Søre Sunnmøre vert teke med i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 og omtala på lik line med Kristiansund, Molde og Ålesund sine roller.

Handsaming:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka og var samde om at ordføraren og rådmannen får fullmakt til å tilføye innspela frå formannskapet i fråsegna.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 20.09.2016:

Volda formannskap ber om at Ørsta/Volda si sentrale rolle på Søre Sunnmøre vert teke med i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 og omtala på lik line med Kristiansund, Molde og Ålesund sine roller.

PS 157/16 Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Forslag til høyringsuttale.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet ønskjer å kome med følgjande kommentarar til høyringa:



VOLDA KOMMUNE

1. *Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar vil kunne styrke inntaksgrunnlaget for Søre Sunnmøre*
2. *Elevplassar til idrettsfag på Søre Sunnmøre bør ikkje reduserast. I staden bør Volda vidaregåande skule få opprette idrettsfag som utdanningsprogram.*
3. *Vi ser med glede på at Volda vidaregåande skule også i framtida får tilby 60 elevplassar til påbygging til generell studiekompetanse.*
4. *Mange elevar frå språklege minoritetar treng intensiv språkopplæring og utvida tid for å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring.*
5. *Volda kommune etterlyser gjennomføring av vedtak i utviklingsplanen om nybygg ved Volda og Ørsta vidaregåande skular.*

Handsaming:

Erlend Krumsvik kom med slikt endringsframlegg, pkt 2 i tilråding frå administrasjonen:

Revidert punkt 2: "Elevplassar til idrettsfag på Søre Sunnmøre....skule få opprette idrettsfag/toppidrett som utdanningsprogram."

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Erlend Krumsvik. Framlegget frå Erlend Krumsvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 20.09.2016:

Formannskapet ønskjer å kome med følgjande kommentarar til høyringa:

1. *Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar vil kunne styrke inntaksgrunnlaget for Søre Sunnmøre*
2. *Elevplassar til idrettsfag på Søre Sunnmøre bør ikkje reduserast. I staden bør Volda vidaregåande skule få opprette idrettsfag/toppidrett som utdanningsprogram.*
3. *Vi ser med glede på at Volda vidaregåande skule også i framtida får tilby 60 elevplassar til påbygging til generell studiekompetanse.*
4. *Mange elevar frå språklege minoritetar treng intensiv språkopplæring og utvida tid for å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring.*
5. *Volda kommune etterlyser gjennomføring av vedtak i utviklingsplanen om nybygg ved Volda og Ørsta vidaregåande skular.*

PS 158/16 Organisering av prosessar for frigjering av ressursar- Budsjett og økonomiplanprosess.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.*
2. *Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.*
- 2. Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.*

PS 160/16 Voldahallen - Ny Voldahall

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald:

- Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:
 - Steinrøysa*
 - Området syd for Berte-Kanutte*
 - Området nord for Øyra skule**
- Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå på økonomisk finansiering og driftsøkonomi partane kan bidra med. I den samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til ei ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall*
- Utgreiing av bygging i to byggjesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.*
- Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane*
- Utarbeiding av romprogram*
- Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur*
- Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløysingar*
- Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring*

2. Forprosjektet vil ha ein fase 1 der tomtevalet skal avklarast og ein fase 2 der ein utarbeider forprosjekt for idrettshall med grunnlag i den tomte som vert valt. Val av tomt vert å avklare i samarbeid mellom partane og for kommunen sin del etter godkjenning i kommunestyret. Partane skal i fase 1 sannsynleggjere sitt økonomiske engasjement da dette vil vere avgjerande for vidare vegval.

3. Arbeidsgruppa held fram for gjennomføring av mandatet etter punkt 1. Høgskulen i Volda vert invitert med i arbeidsgruppa.



VOLDA KOMMUNE

4. *Kostnaden med forprosjektet vert å dekkje gjennom eiga sak eller i samband med komande budsjett og økonomiplan basert på anbudsprisar.*

Handsaming:

Brev frå Høgskulen i Volda, *Idrettshall i Volda*, 20.09.16, vart delt ut i møtet.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om gildskap, han er medlem i arbeidsgruppa som representant for KFUM-Volda, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røysinga over spørsmål om gildskap.

Roald Espset reiste spørsmål om gildskap, sambuaren er grunneigar for eit av områda i saka, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røysinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent ugild, då dette vart kjent på førehand var vara Arild Iversen kalla inn og han tok sete.

Roald Espset vart samrøystes kjent gild og han tok sete.

Arild Iversen kom med framlegg om å utsette saka.

Røysting utsetjingsframlegg:

Utsetjingsframlegget fekk fire røyster (Arild Iversen, Roald Espset, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset) og fall, fem røysta imot.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald:

- **Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:**
 - *Steinrøysa*
 - *Området syd for Berte-Kanutte*
 - *Området nord for Øyra skule*
- **Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå på økonomisk finansiering og driftsøkonomi partane kan bidra med. I den samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til ei ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall**
- **Utgreiing av bygging i to byggjesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.**



VOLDA KOMMUNE

- *Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane*
- *Utarbeiding av romprogram*
- *Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur*
- *Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløysingar*
- *Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring*

2. Forprosjektet vil ha ein fase 1 der tomtevalet skal avklarast og ein fase 2 der ein utarbeider forprosjekt for idrettshall med grunnlag i den tomta som vert valt. Val av tomt vert å avklare i samarbeid mellom partane og for kommunen sin del etter godkjenning i kommunestyret. Partane skal i fase 1 sannsynleggjere sitt økonomiske engasjement da dette vil vere avgjerande for vidare vegval.

3. Arbeidsgruppa held fram for gjennomføring av mandatet etter punkt 1. Høgskulen i Volda vert invitert med i arbeidsgruppa.

4. Kostnaden med forprosjektet vert å dekkje gjennom eiga sak eller i samband med komande budsjett og økonomiplan basert på anbudsprisar.

Arild Iversen gjekk og Erlend Krumsvik tok sete.

PS 159/16 Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om kino/kultursal i nytt Mediehus

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.*
- 2. Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbruksal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg til nytt pkt. 4:

Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.

~~”Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).”~~

Røysting:

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Jørgen Amdam.

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 2 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.

2. Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.

3. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.

4. Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.

~~*”Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).”*~~



VOLDA KOMMUNE

Ordføreren fekk permisjon og varaordførar Frida Sortehaug tok sete som ordførar.

PS 161/16 Tilleggsøyving, utbetring av Botnavegen

Administrasjonen si tilråding:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsøyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsøyvinga vert finansiert slik:

Auka låneopptak	kr 15 314 000,-
Momskompensasjon	kr 3 516 000,-
SUM	kr 18 830 000,-

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsøyvinga i punkt 1, og utgjer:

Auka låneopptak	kr 1 029 464,-
Momskompensasjon	kr 257 366,-
SUM	kr 1 286 830,-

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Handsaming:

Sakshandsamar Pål Are Vadstein møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om ugildskap. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting gildskap:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Røysting (sju røysteføre):

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen.

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 fekk seks røyster og vart vedteke, Margrete Bjerkvik røysta imot.

Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr 18 830 000,-</i>

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjer:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr 1 286 830,-</i>

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

Odd Harald Sundal tok sete.

PS 162/16 Avtale om anleggsbidrag og finansiering av utbygging av sambindingsveg over Håmyra

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod.*

Handsaming:

Erlend Krumsvik fekk permisjon kl. 16:35 og vara Arild Iversen tok sete.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod*

PS 163/16 Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*
- 2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*
- 3. Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleiing ivaretakast i avtalen.*

Handsaming:

Melding om politisk vedtak - Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid, frå arbeidsmiljøutvalet vart delt ut i møtet, datert 19.09.2016.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*
- 2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*
- 3. Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og*



VOLDA KOMMUNE

Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleiing ivaretakast i avtalen.

PS 164/16 Rutinar for eigarskapsstyring

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.

PS 165/16 Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningsliner for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

Saka blir utsett og sendt til driftsstyret før vidare behandling i formannskapet.

Røysting (8 røysteføre):

Utsetjingsframlegget fekk fem røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Arild Iversen, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset)

Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:



VOLDA KOMMUNE

PS 166/16 Ruteendringsprosessen 2017 - rute 08 Volda -Lauvstad.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til tidlegare sak om ruteendringsprosess for 2017 jfr. sak PS 124/16. Formannskapet syner vidare til innspel frå grendeutvala d.s.13.09.2016 og ber om at det vert teke omsyn til desse slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.

Handsaming:

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 20.09.2016 :

Formannskapet syner til tidlegare sak om ruteendringsprosess for 2017 jfr. sak PS 124/16. Formannskapet syner vidare til innspel frå grendeutvala d.s.13.09.2016 og ber om at det vert teke omsyn til desse slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.

PS 167/16 Orienteringssaker

OS 127/16 Langtidsplan for forsvarssektoren - høyring

OS 128/16 Opprop - HV 11 frå Møre og Romsdal

OS 129/16 Invitasjon til seminarrekke for kommunar som har gjort gjensidig vedtak om sammenslåing

Volda kommune sender fem representantar på seminara, det vert representantar frå tillitsvalte, administrasjonen og politisk.



VOLDA KOMMUNE

OS 130/16 Ta initiativ: still krav til TISA-avtalen i din kommune!

Formannskapet drøfta saka og var samde om å sende førespurnaden vidare til KS. Vidare ber formannskapet KS om å gjere greie for eventuelle konsekvensar dette vil få for kommunesektoren og at KS tek i vare kommunane si interesse i høve TISA-avtalen.

Møtet slutt kl. 17:30

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
21.09.2016

Sonja Håvik
konsulent